



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato
07.08.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2013/16329 471
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Det er tid for å sende inn avfallsplan for småbåthamner i kommunen for ny godkjenning

Alle hamner må ha avfallsplan, og denne må godkjennast kvart 3. år

Etter ei endring i forureiningsforskrifta i 2013 må alle hamner i Noreg ha oppdatert plan for korleis hamna handterer avfall frå skip som legg til kai. Planen skal godkjennast av Fylkesmannen, og godkjennast på nytt kvart 3. år, òg om det ikkje har vore endringar i rutinar for handtering. Planen skal sendes inn seinast tre månadar før gjeldande godkjent avfallsplan går ut, jf. § 20-6 fjerde ledd i forureiningsforskrifta.

Planen dykkar må sendast inn for ny godkjenning no

Felles avfallsplan for småbåthamnar i kommunen vart godkjent i 2015. Det betyr at planen må sendast inn for regodkjenning nå. Vedlagt ligg sjekklista vi brukar når vi ser gjennom innsendte planar. Vi anbefaler at lista vert brukt for å kontrollere at alle naudsynte punkt er inkludert i den reviderte planen. Sjå og gjennom tilbakemeldinga frå oss på førre innsendte plan for å sikre at naudsynte punkt er retta opp i.

Planen må sendast inn innan 1. september

Vi ber om at avfallsplan vert sendt inn for ny godkjenning snarast, og seinast innan 1. september. Om de lurar på noko, ver vennleg å ta kontakt med sakshandsamar Mari Katrine Berg, tlf. 55 57 23 26, e-post fmhomkb@fylkesmannen.no.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Mari Katrine Berg
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Sjekkliste for avfallsplanar i hamner